

# **Innretting og kriterium for kunstnarstipenda til Vestland fylkeskommune**

Revidert i hovudutval for kultur, idrett og integrering 17.03.2021

## **Føremål**

Kunstnarstipenda skal gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnarlege uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk gjennom t.d. ein periode med fordjupning og / eller fagleg påfyll.

Stipend skal også gje merksemd til dei utvalde kunstnarskapa.

## **Kven kan søkje?**

Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Vestland fylke. Det er krav om kunstfagleg utdanning eller høg realkompetanse.

Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under formell kunstutdanning / i ein grunnutdanningsfase.

Stipendet kan berre søkjast av enkeltpersonar.

Om ein tidlegare har fått stipend frå Sogn og Fjordane, Hordaland eller Vestland fylkeskommune skal det gå minst 3 år før ein vil bli vurdert for eventuelt nytt stipend.

## **Søknadsfrist**

Stipenda lysast ut årleg.

## **Kva kan ein få støtte til?**

Stipenda er meint å gje profesjonelle kunstnarar - både nyutdanna og etablerte - høve til utvikling av kunstnarisk praksis, fordjupning og/eller fagleg påfyll. Det kan søkjast innan følgjande kategoriar:

- Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)
- Musikk
- Scenekunst(inkl. dans)
- Litteratur og film

Det vert ikkje gitt støtte direkte til instrument, materiale, utstyr ol.

## **Krav til søknaden**

Søkjar må fylle ut det nettbaserte søknadsskjemaet for ordninga. Det er ikkje krav om budsjett i søknaden. Det kan visast til relevante nettlinkar og leggast ved eitt PDF-vedlegg på inntil 9 MB. Det kan lastast opp lyd- og filmfiler i tillegg der dette er relevant.

## **Vurdering**

Det skal leggast vekt på kandidaten sin kunstnarlege aktivitet, kvalitet og utvikling.

Det blir lagt vekt på korleis søker gjennom søknaden presenterer seg sjølv, og korleis ein vil nytte ein stipendperiode til kunstnarleg utvikling/fordjuping/ fagleg påfyll.

Det er eit mål at nokre av stipenda vert tildelt kunstnarar i etableringsfasen.

Det er eit mål å stimulere til at det er høve til å leve og arbeide som kunstnar i alle deler av fylket.

Det skal vere kjønnsbalanse i tildelinga – ut frå søkermassen som ligg føre.

Ved prioritering av søkerar vil det bli vurdert om andre større stipendtildelingar i perioden skal ha betydning.

## Vilkår for tilskot

Fylkeskommunen kan kreve betalt attende tilskot som vert nytta i strid med gjevne vilkår.

## Sakshandsaming og vedtak

Søknadane skal leggast fram for komitear for følgjande kunstformer:

- Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)
- Musikk
- Scenekunst (inkl. dans)
- Litteratur og film

Komiteane skal setjast saman av fagfolk frå utvalde kunstorganisasjonar og -institusjonar. Det skal vere ei blanding av fagfellevurdering og anna kunstfagleg kompetanse i komiteane.

Det skal nemnast opp stipendkomitéar med medlemmar utnemnde frå følgjande organisasjonar /institusjonar:

Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, KODE, Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Bergen filharmoniske orkester, Hordaland fylkeskommune – Seksjon for kulturformidling.

Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT Teatergarasjen, Bergen dansesenter, Teaterfestivalen i Fjaler.

Litteratur og film: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Skrivekunstakademiet og Vestnorsk filmsenter (2 medlemmer)

Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar til komiteane. Medlemmane skal oppnemnast for to år av gangen.

Desse stipendkomitéane er rådgjevande og skal vurdere og innstille søkerar. Innstillingane skal vere grunngjevne.

I komitéarbeidet skal god forvaltingsskikk og forvalningslova sine bestemmingar om m.a. habilitet og teieplikt ligge til grunn.

Basert på arbeidet i komiteane skal avdeling for Kultur- og idrett og inkludering – seksjon for kunst- og kulturutvikling / fylkesrådmannen ta den siste heilskaplege vurderinga og legge fram innstilling til hovudutval for Kultur, idrett og integrering som har det endelege vedtak i saka. Det

skal tildelast eit minst eitt stipend til kvar kunstform om søkermengen er tilstrekkeleg. Vidare vil fordelinga av stipend gjerast på grunnlag av søkertal for dei ulike kunstartane, geografi og tidlegare tildelte stipend.

Det vert ikkje lagt fram offentlege vurderingar av andre enn dei nominerte kandidatane.

### **Oppfølging og rapportering**

Dei som får tildeling må sende inn kort rapport på bruken av stipendet innan 3 månader etter at stipendperioden er ferdig. Rapporten skal syne korleis stipendet er nytta og kva resultat mottakaren har oppnådd i perioden.

### **Klage**

Vedtak om tildeling av stipend er eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav b. Det er såleis klagefrist på vedtaket innan 3 veker etter at det er motteke skriftleg underretning.